



Regional transportplan var tema i Gloppen formannskap onsdag.

Ber om at tiltak på fylkesveg 615 får prioritet

Gloppen kommune har sendt ein uttale til rulleringa av Regional transportplan.

Benedikte Grov
benedikte@firdatidend.no

Uttalen til Regional transportplan (RTP) var tema i eit møte i Gloppen formannskap onsdag. Her blei ulike innspel drøfta, og ordføreren fekk fullmakt til å utarbeide ein uttale på vegner av Gloppen kommune.

Vil ha inn igjen Sandane-Fitje

I uttalen ber Gloppen kommune om at prosjektet knytt til gang- og sykkelveg for strekninga Sandane-Fitje på fylkesveg 615 blir arbeidd inn i budsjett og økonomiplan. Dette prosjektet har vorte teke ut av økonomiplanen grunna strammare økonomi og høg lånegjeld.

Gloppen kommune seier seg elles samd med strategien til fylkeskommunen om å ta vare på det veggnettet ein har, utbetre der ein kan og byggje nytt der ein må.

- I vår region er det behov for

møteplassar og strekningsvise utbetringar for å betre framkomsten på lågtrafikkerte vegar. Vi ber difor om at vedlikehald og punktutbetring av eksisterande vegnett må prioriterast. Ramma til slike tiltak må styrkast vesentleg. Det er vidare viktig at midlar til trafikktrygging vert vidareført, heiter det i uttalen frå Gloppen kommune.

Flaskehalsar langs fv. 615

Gloppen kommune har, i samråd med vegselskapet Midtvegen 615, også ytra ønske om å prioritere elleve flaske-

halsar langs fylkesveg 615 som punktvis må utbetrast.

I uttalen er det vist til at Vestland fylke har det mest rasutsette veggnettet i landet, og Gloppen kommune meiner fylket må arbeide for auka rammer til rassikring.

- Det må også takast i bruk innovativ rassikring og rasforebyggande teknologi så ein får rassikra fleire punkt, heiter det i uttalen.

Det er vist til at det i Gloppen særleg er Hopsstranda på fylkesveg 615 som er utfordrande.

- Den beste løysinga er tunnel,

men Gloppen kommune ber om at fylket vurderer innovativ rassikring/trafikktrygging ved hjelp av ny teknologi, står det i uttalen.

I tillegg til å ha ein eigen uttale, er Gloppen kommune også med på uttalen som regionrådet Region Fjordane har spelt inn til rulleringa av RTP.

Har investert 15 millionar på Davik

Med ei heilt ny gjesthamn for 40 båtar og ein bubilplass med 50 plassar som er kåra til den beste i landet, er Davik Fjordparadis klar for ein ny sommar. Sidan starten i 2022 har eigarane investert 15 millionar kroner i bygda på sørsida av Nordfjorden, skriv Fjordenes Tidende.

Eldre i Vestland skal få betre tilgang på kultur

Alle kommunane i Vestland får no tilskot frå fylkeskommunen til profesjonell kunst og kultur for eldre.

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering har fordelt til saman 4,9 millionar kroner til Den kulturelle spaserstokken og vil no styrkje ordninga.

Tilskotsordninga skal leggje til rette for profesjonell kunst- og kulturformidling til personar frå 67 år og oppover. Det er også eit mål å styrke samarbeid mellom kultursektoren og helse- og omsorgssektoren, skriv fylkeskommunen på nettsidene sine. (©NPK)